

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan (UFP)	15.10.2020	062/20
Kommunestyret (KS)	29.10.2020	154/20

Sluttbehandling av planprogram for Kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika

Samandrag:

I sak 009/20 gjorde Utval for plan vedtak om å starta opp arbeid med Kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika. Samstundes vart det gjort vedtak om å leggja ut framlegg til planprogram til offentleg ettersyn.

I høyringsperioden av framlegg til planprogram (06.05-17.06.2020), kom det inn til saman 7 merknadar. Temaet i fleire av desse merknadane viser behovet for dialog med grunneigarar og næringane, regionale mynder og kabeleigar, slik det allereie er skissert opp i planprogrammet. For å understreka kvar kommunen vil ha behov for dialog og samarbeid, er det gjort mindre justeringar i teksten i planprogrammet etter høyringa.

Kommunedirektøren meiner at samfunnsinteressene som vert ivareteke gjennom planarbeidet må prioriterast økonomisk.

Etter kommunedirektøren si vurdering gir planprogrammet for kommunedelplanen tydelege føringar for den vidare planprosessen, og rår til at det vert godkjent slik det no ligg føre.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Planprogram
Oppsummering av merknadar med kommentarar og vurderingar
Merknader til varsel om oppstart planarbeid for kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika Industripark
Høringsuttale - Kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika
Fråsegn til kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika
Uttale til oppstartsmelding og ettersyn av planprogram - kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika

Uttale til melding om oppstart av arbeid med kommunedelplan restriksjonssone for Knarrvika
Fråsegn til kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika

Innstilling til tilrådning:

I medhald av plan- og bygningslova §11-13 godkjenner kommunestyret planprogram for Kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika.

Saksopplysningar:

Planprosessen:

I sak 009/20 gjorde Utval for plan vedtak om å starta opp arbeid med Kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika. Samstundes vart det gjort vedtak om å leggja ut framlegg til planprogram til offentleg ettersyn.

Planprogrammet er ei oppskrift på kva planen skal innehalde, kva som skal utgreiaast, korleis planen skal utarbeidast og kven som skal delta i planprosessen. Gjennom høyringsperioden av planprogrammet har regionale mynder, grunneigarar og innbyggjarar hatt moglegheita til å komma med merknader til korleis kommune skal jobba fram planframlegget og innspel til planprosessen. Andre innspel som gjeld sjølve planframlegget vert det opna opp for når kommunen legg forslag til plandokument på høyring. Framdriftsplanen lengre nede i saksframlegget viser når vi er i ny høyringsperiode.

I høyringsperioden av planframlegget (06.05-17.06.2020), kom det inn til saman 7 merknadar. Temaet i fleire av desse merknadane viser behovet for dialog med grunneigarar og næringane, regionale mynder og kabeleigar, slik det allereie er skissert opp i planprogrammet. For å understreka kvar kommunen vil ha behov for dialog og samarbeid, er det gjort mindre justeringar i teksten i planprogrammet etter høyringa.

Ei oppsummering av merknadane og vurderinga frå kommunedirektøren ligg som vedlegg til saka. Merknadane i sin heilskap ligg også ved saka.

Føremålet med planarbeidet:

Føremålet med denne planprosessen, er å avgrensa etablering av ytterlegare tiltak i Industriparken i Knarrvika, gjennom å legga ei restriksjonssone over byggeformål som ligg tett opp til brufestene til nytt og eksisterande Sotrasamband. Eit viktig utgangspunkt for utarbeiding av kommunedelplanen er at arealformålet for området, som er næring og hamn, ikkje skal endrast.

I 2018 vart det ferdigstilt ein Risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analyse) for Knarrvika Industripark. Utgangspunktet for analysen var ein søknad om å grava ned ein gasstank i området. Formålet med denne ROS-analysen var likevel å gjera ei heilskapleg vurdering av potensiell fare og konsekvensar som aktivitetar og installasjonar i Knarrvika Industripark samla sett kan utgjera. Sannsyn, konsekvensar og kaskadeeffektar av dei ulike risikofaktorane vart vurder einskildvis og i kombinasjon. Til dømes vart potensialet for om ei hending ved ei verksemeld kan spreie seg til ei anna verksemeld sett på. Vidare, om denne hendinga spreier seg, kor stor blir konsekvensen?

ROS-analysen identifiserte fleire hendingar, men risikoene for eksisterande industri og tiltak er vurdert som akseptabel, under følgjande føresetnader:

- Tiltak relatert til sløkkemiddel vert utført og tiltak knytt til «gule» hendingar vert vurdert.
- Det bør ikkje tillatast aktivitet som fører til auka risiko knytt til «gule» og «raude» hendingar, utan risikoreduserande tiltak og ny vurdering.

Utviding av industriparken og nye tiltak kan derimot bidra til øka risiko for samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur. Samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur i området omfattar både dagens Sotrabru og nytt Sotrasamband med vassforsyning, straumforsyning og trafikk. Kablane for straumforsyning følgjer dagens Sotrabru, medan framtidig vassforsyning skal følgje brua i det nye Sotrasambandet.

KommuneROS for Øygarden kommune omtalar også risiko og konsekvensar knytt til kritisk infrastruktur, mellom anna straum, vassforsyning og hovudtransportåre.

For å unngå ein auke i risiko, vert det starta opp arbeid med ein kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika.

Om planområdet:

Knarrvika Industripark er lokalisert ved Byfjorden på austsida av Litlestrøm. I nordre del av området ligg Sotrabrua, som er sambandet til fastlandet og Bergen. Sør for området kjem det nye Sotrasambandet.

Knarrvika har ei historie som industristad som strekker seg tilbake til tidleg på 1900-talet. Då Sotrabrua opna i 1972 utvikla industriområdet seg til ein industripark med steinbrot, mekanisk verkstad og gjenvinningsanlegg. Dagens industripark er avsett til næringsføremål i gjeldande arealplanar. Området er eigd av Sigba Eigedom, Omya Hustadmarmor og YIT (asfaltproduksjon). I tillegg driv Franzefoss og Norsk Gjenvinning lagring og sortering av avfall her. Det er også etablert eit større kaianlegg som er godkjent for ISPS-bruk i området, med stor trafikk.


Planstatus:

I arealdelen til kommuneplanen ligg planområdet med hovudformål næring. Store delar av området er omfatta av omsynssone kulturmiljø knytt til industrietableringa tidleg på 1900-talet. Planområdet er delvis regulert til næring i reguleringsplan for Knarrevik, del av gnr. 40, bnr. 1, 2, 126 og gnr. 41, bnr. 7 og 15 (PlanID 124620030002).

Områderegulering for RV 555 Sotrasambandet (PlanID 124620130001) går gjennom planområdet. Her vert gjenfylling av Mustadvatnet regulert til kontor/industri. Områda mellom den nye vegen og næringsområdet er regulert til kombinert formål for industri/kontor og samferdsel. Det er satt av areal til midlertidig rigg- og anleggsområde, der gjeldande plan (planID 124620030002) framleis skal gjelda etter anleggsperioden. I områdereguleringa er det vist eit midlertidig fareområde for anleggsarbeid omkring brutårna, der det vil vera forbod med ferdsel i anleggsperioden.

Avgrensing av planområdet:

Planområdet er avgrensa til areal som er satt av til næring og hamn i arealdelen til kommuneplanen og i gjeldande reguleringsplanar. Planavgrensinga er vist med stipla linje i kartutstnittet nedanfor.



Avgrensing av tema i planen:

Endeleg avgrensinga av restriksjonssona vil verta satt gjennom dialog mellom kommunen, Fylkesmannen, og Statens Vegvesen.

Gjeldande arealformål i arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplanar skal ikkje endrast. Dette inneber blant anna at arealformåla for blant anna næring og hamn vert vidareførte. Over arealformåla skal det leggast ei restriksjonssone med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 a, Sikrings- støy- og faresoner med angivelse av fareårsak eller miljørisiko. Sona skal sikra at det ikkje vert satt i gang ny nærings- og hamneverksemd i området som kan bidra til auka risiko for samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur i området.

Det skal ikkje settast av nye arealformål til utbygging i planen.

Tema som skal vurderast gjennom planprosessen:

Før kommunen kan gå i gang med å utarbeida plandokumenta skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing av aktuelle tema og interesser som vert påverka av planen.

Konsekvensutgreiinga er avgrensa til kva verknadar restriksjonssona vil føra med seg for samfunnet. I tillegg til skildring av dagens situasjon skal følgande alternativ for framtidig utvikling utgjeliast:

- Null-alternativ: Næringsareal i Knarrvika Industripark utan restriksjonssone.
- Utgjatingsalternativ: Næringsareal i Knarrvika Industripark med restriksjonssone.

Arealformål med gjeldande omsynssoner (t.d. for kulturminne) i gjeldande planar skal vidareførast, og ny arealbruk vil derfor ikkje vera ein del av utgjeliinga.

Ei skisse for konsekvensvurderingar er vist nedanfor:

Konsekvens	
Verknader for eksisterande næringsliv	Direkte verknader: sysselsetting i industriområdet Indirekte verknader: anna sysselsetting i kommunen

Verknader for kommuneøkonomi	Eigedomsskatt på næringseigedom (tidlegare næringseigedom og verk og bruk)
Moglegheitene for nyetablering av andre verksemder	Verknader for eventuell nyetablering av verksemder
Samla vurdering og tilråding	

Planprosessen med framdriftsplan, fristar og organisering:

Utval for plan i Øygarden kommune er styringsgruppe for planarbeidet. Planutvalet vil behandla innkomne merknader til planoppstart og planprogram, og vidare innspel og merknadar til planframlegget.

Øygarden kommune er tiltakshavar med ansvar for varsling, utarbeiding av planprogram og kommunedelplan.

Kommunestyret i Øygarden kommune er planmynde og skal vedta planprogram og kommunedelplan.

Fylkesmannen i Vestland og Statens vegvesen er viktige samarbeidspartar for kommunen i utarbeidingsa av planforslaget.

Plankonsulenten Asplan Viak er engasjert av kommunen for å utarbeida forslag til planprogram og kommunedelplan i samarbeid med kommunen.

Det vert teke sikte på å gjennomføra planarbeidet etter framdriftsplanen som følgjer nedanfor. Framdriftsplanen er oppdatert etter høyringsperioden av planprogrammet.

Tidsplan	Fasar
Mai – juni 2020	Varsling av oppstart planarbeid. Høyring 6 veker. Oppstart av konsekvensutgreiing – verknadar for samfunnet.
September - Oktober 2020	Merknadshandsaming, kommunen fastset planprogrammet.
November 2020	Ferdigstilling av konsekvensutgreiing – verknadar for samfunnet.
Desember 2020/Januar 2021	Utkast til plankart og plandokument.
Februar/Mars 2020	Ferdigstilling planforslag til første gangs handsaming og vedtak om offentleg høyring. Høyring 6 veker.
Mars 2020	Merknadshandsaming. Innarbeidning av ev innspel og ferdigstilling av plan for 2. gangs handsaming.
	Vedtak av kommunedelplan.

Opplegg for medverknad, informasjon og høyringer:

I planprogrammet har kommunen trekt fram regionale mynder og kabeleigar som viktige samarbeidspartar i planprosessen.

I samband med konsekvensutgreiinga kan det verte aktuelt at relevante verksemder vert kontakta for innhenting av informasjon. Gjennom tidlegare arbeid med ROS-anaylsen for Knarrvika har kommunen hatt god dialog med verksemdene i Knarrvika. Denne dialogen vil det vera behov for å følgja opp i planprosessen, særleg dersom konsekvensutgreiinga viser at grunneigarar og næringsinteresser vert direkte påverka av restriksjonssona. Kommunen har ansvar for å oppretta ny dialog med grunneigarar og næringsinteresser.

Planframlegget skal utarbeidast på grunnlag av vedteke planprogram. Framlegg til plandokument skal leggast ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker. Det vil då vere mogleg å komma med innspel og merknader til sjølve planframlegget.

Informasjon om planarbeidet og planprosessen skal gjerast tilgjengeleg på nettsida til kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Aktivitetar i planarbeidet vert i hovudsak gjennomført av Øygarden kommunen som planmynde og Asplan Viak som plankonsulent.

Før oppstart av planarbeidet oppfordra fylkesmannen i Vestland kommunen om å søka skjønnsmidlar til planarbeidet. Kommunen har søkt om midlane, men fekk avslag frå fylkesmannen i juni 2020.

I søknaden om skjønnsmidlar vart kostandane til plankonsulent og eigeninnsatsen til kommunen, i form av arbeidstid, skissert opp til å vera om lag 500 000. Om lag 350 000 av desse er kostnadar til konsulentarbeid. Som følgje av avslag på søknad om skjønnsmidlar vil eininga Plan, geodata og oppmåling måtte dekka inn alle kostandane ved planarbeidet ut i frå eige busjett.

Vurdering:

I saka som gjaldt oppstart av planarbeidet og utlegging av planprogram til offentleg ettersyn, vurderte kommunedirektøren bruken av kommunedelplan for areal til planformålet, utgreiingstema i planprosessen og avgrensing av planområdet. Slik kommunedirektøren ser det, har det ikkje kome ny informasjon som krev ytterlegare vurdering av desse tema. Det vert her vist til behandling av framlegg til planprogram i sak 009/20.

Merknadane som er kome inn i høyringsperioden til planprogrammet understrekar behovet for dialog og samarbeid med grunneigarar, næringsinteresse og regionale interesser, som Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune som kulturmynde og BKK nett og Statnett som kableigar. I planprogrammet som var på offentleg ettersyn var dette behovet trekt fram, men høyringsperioden viser at kven kommunen skal samarbeida med om premissa for restriksjonssona må tydeleggjera. Teksten i planprogrammet er derfor utdjupa rundt dette teamet, for å imøtekamma merknadane.

Kommunedirektøren meiner at planprosessen er viktig å få gjennomført så snart som råd, for å få lagt restriksjonar på areal som kan utgjera ein risiko for viktig samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur. Sjølv om avslaget frå fylkesmannen på søknad om skjønnsmidlar inneber at kommunen må ta kostnadane med planarbeidet sjølv, vurder kommunedirektøren samfunnsinteressene som første priorititet.

Etter kommunedirektøren si vurdering gir planprogrammet for kommunedelplanen tydelege føringar for den vidare planprosessen, og rår til at det vert godkjent slik det no ligg føre.

Behandling i Utval for plan (UFP) 15.10.2020:

Votering: Innstillinga vart samrådd.

Vedtak i Utval for plan (UFP) - 15.10.2020 - 062/20

Innstillinga vart tilrådd.

Behandling i Kommunestyret (KS) 29.10.2020:

Ingen tok ordet i saka.

Votering:

Innstillinga som var lik tilrådinga til UFP vart samråystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 29.10.2020 - 154/20

I medhald av plan- og bygningslova §11-13 godkjenner kommunestyret planprogram for Kommunedelplan med restriksjonssone for Knarrvika.